



Adresseliste

Oslo, 31.01.2018

Deres ref.:

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
2013/9406

Saksbehandler:
Glenn Storbråten

Varsel om pålegg om å gi opplysninger vedrørende gruver, sprengning og plast

Vi varsler med dette om at det vil bli aktuelt å kreve opplysninger fra bedriftene om bruk av plast i tilknytning til gruvevirksomheten.

Det er et økende fokus på plastavfall, særlig i havet. Naturvernforbundet har i brev til Klima- og miljødepartementet og i kontakt med Miljødirektoratet tatt opp problemstillingen knyttet til sprengningsplast fra gruveindustri, tunnelbygging etc.

Problematikken knyttet til plastavfall har ikke vært tema i behandling av søknader/tillatelser fra gruvevirksomhetene, og har heller ikke vært tema i de siste konsekvensutredningene.

Miljødirektoratet vurderer på bakgrunn av dette å pålegge gruveindustrien en vurdering der dere anslår mengder plast fra virksomheten, og om dette vil følge avgang, gråberg eller produkt, eller om det vil bli liggende igjen i gruen (dagbrudd/under jord). Vi legger ved brev fra Naturvernforbundet til Klima- og miljøministeren.

Forhåndsvarsel er gitt i henhold til § 16 i forvaltningsloven. Eventuelle kommentarer til forhåndsvarsel sendes Miljødirektoratet innen 14. februar 2018.

Hilsen

Miljødirektoratet

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Harald Sørby
Seksjonssjef

Glenn Storbråten
seniorrådgiver

Vedlegg: Brev datert 9. januar fra Naturvernforbundet til Klima- og miljøministeren.

Adresseliste:

- Rana Gruber, Postboks 434, 8601 Mo Norway (Nancy.Schreiner@ranagruber.no)
- Sibelco Nordic AS avd. Stjernøy; Pb. 1615, 9509 Alta (grete.brobakke@sibelco.com)
- Sydvaranger AS, Sydvaranger industriområde, 9900 Kirkenes (ame@sydvaranger.com)
- Nordic Mining ASA, Munkedamsv. 45 A, 0250 Oslo (post@nordicmining.com)
- Nussir ASA, Pb. 40, 9621 Kvalsund (info@nussir.no)
- Quartz Corp AS avd. Drag, Pb. 14, 8271 Drag (kari.moen@thequartzcorp.com)
- Titania AS, Tellenes, 4380 Hauge i Dalane (AnnHeidi.Nilsen@kronosww.com)

Tenk miljø - vel digital postkasse frå e-Boks eller Digipost på www.norge.no

Til
Klima- og miljøminister Vidar Helgesen

Kopi
Miljødirektoratet

Oslo, 9. januar 2018

Utslepp av mikroplast til havet frå gruver som bruker sjødeponi

Vi ber om at det blir gjennomført ei gransking av eventuell skade frå utslepp av plastpartikler frå gruver som praktiserer sjødeponi og frå gruver som har fått løyve til framtidig utslepp. Dette må bli vurdert opp mot dagens utsleppsløyve. Vi ber også om ei gransking av utslepp av plastpartikler frå deponering av sprengningsmasser i sjøen.

Sprengingsplast

Vi viser til at det ved sprenging av berg blir brukt ulike plastprodukt som følgjer den ferdige sprengte massen vidare til prosesseringsanlegget dersom platen ikkje blir fjerna.

Vi kan ikkje finne at det i driftsløyve/ utsleppsløyve er stilt krav om utsortering av sprengingsplast før prosessering av utsprengt masse. Dersom det ikkje blir gjennomført slik utsortering antar vi at platen blir med vidare gjennom prosessen, for til slutt å bli med ut av prosessen som finmale plastpartiklar i restmassen.

Det er i dag 6 gruver i Noreg som praktiserer sjødeponi og ytterlegare to gruver som har fått løyve til dette. Til saman kan dette representere eit vesentleg utslepp av mikroplast til havet, eit utslepp som enno ikkje har vore vurdert.

Sprengingsplast som problem

Vi er glade for at det har blitt stor merksemd på plastforureining av havet, ei forureining som representerer eit stort og aukande problem for marint liv og for Noregs havressursar.

Som ein del av dette har ein det siste året fått aukande merksemd på sprengingsplast som følgjer med sprengt masse ved utfylling i sjø. Vi vil vise til nokre døme på denne problemstillinga:

- **Moss hamn** har fått 400.000 i forelegg frå politiet etter å ha fylt opp 32.000 m³ stein som dekke over forureina sjøbotn.

«Det fulgte med en del plastavfall i steinmassene, såkalt sprengningsplast.

Dette har spredt seg i strandsonen og lagt seg på sjøbunnen.

Det er ganske store mengder, sier politiadvokat Elisabeth Raastad.¹»

¹ NTB. Sarpsborg Arbeiderblad 10.11.2017

- **Harstadåstunnelen** i Kanebogen, Troms.
«Det var under et tilsyn 5. desember i år at Fylkesmannen i Troms kunne plukke løst plastavfall langs fyllingsfronten» ... «Tilsynet resulterte i flere avvik, og et varsel om tvangsmulkt.²»
- **Rogfast (Stavangerområdet)**
«Når Vegvesenet får lov til å dumpe Rogfaststein i sjøen, er kravet at massene skal være helt fri for plastavfall». «Skyteledninger og rester av skyteledninger er den andre plastkilden. Den er ikke like enkel å bli kvitt.³»

Kommentar

Det er grunn til å merke seg at eit eingongsutslepp på 32.000 m³ sprengmasse i Moss havn gav «ganske store mengder» plastavfall i følge politiadvokaten. I Førdefjorden har Nordic Mining fått løyve til eit årleg utslepp av sprengt og finmale masse som er ca 50 gongar større⁴.

Stor spreiring av plastpartiklar?

Dersom sprengingsplasten ikkje blir fjerna før den utsprengte massen går inn i prosessanlegget er det sannsynleg at den blir male opp i små bitar (mikroplast) og følgjer restmassane til deponi. Då densiteten til finmale plastmateriale sannsynlegvis er vesentleg mindre enn densiteten til finmale berg, er det vidare eit spørsmål om plasten vil spreia seg i vatnet og berre i liten grad følgje restmassen ned i deponiet.

Nokre aktuelle behov for utgreiing

- Kor store mengder plast blir produsert i gruveanlegga?
- Kor store mengder plast blir produsert ved sprenging i forbindelse med bygging av tunnelar og liknande?
- Kva blir gjort for å fjerne plasten før prosessering?
- Kor mykje plast blir med som utslepp til fjorden og kva er dimensjonen til partiklane?
- Korleis oppfører plastpartiklane seg i fjorden (spreiring etc.)?
- Kva er den kjemiske samansetninga i plasten som brukas?
- Vurdering av dei negative konsekvensane av utsleppet
- Vurdering av utsleppet opp mot norsk lovverk, mattryggleik og internasjonale avtalar/konvensjonar

Venleg helsing

Silje Ask Lundberg
Leiar
Naturvernforbundet

Mads Løkeland
Medlem i gruveutvalet
Naturvernforbundet

² Harstad tidende 27.12.2017

³ Stavanger Aftenblad 28.11.2016

⁴ 4 mill tonn utslepp/ år, tilsvarer ca 1,5 mill m³ utslepp om ein reknar ein densitet på 2,7 i massen.